



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Grethe Fjeld, 5557 2279

Vår dato  
21.02.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/2467  
Dykkar referanse

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

### Varsel om tilsyn - retten til særskild språkopplæring - Lindås kommune

Med heimel i kommunelova kap. 10 a, opplæringslova § 14-1 varslar Fylkesmannen i Hordaland om tilsyn med Lindås kommune.

#### Tema for tilsynet

Tema for tilsynet er minoritetsspråklege elevar i grunnskulen sin rett til særskild språkopplæring etter opplæringslova § 2-8. Fylkesmannen vil og sjå på om kommunen føl dei sakshandsamingsreglane som gjeld på området og som mellom anna går fram av opplæringslova inkludert gjeldande forskrift og forvaltningslova. Fylkesmannen vil dessutan undersøkje om kommunen har eit forsvarleg system for å sikre at krava i lova vert oppfylte, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd.

#### Formål med tilsynet

Det overordna målet med tilsynet er å føra til rett bruk av § 2-8, retten til særskild språkopplæring for elevar i grunnskulen. Gjennom kontroll med skuleeigar og skulane sin praksis skal eventuell lovstridig praksis verte avdekka og retta opp.

#### Gjennomføring av tilsynet og førebels tidsplan

Tilsynet blir gjennomført ved innhenting av skriftleg dokumentasjon. Fylkesmannen vil også nytta seg av tilgjengelege data frå GSI. Fylkesmannen vil, om det vert naudsynt, be om meir dokumentasjon eventuelt ha oppfølgingsspørsmål direkte til sentrale personar i organisasjonen.

24. mars 2014 – Frist for kommunen til å sende inn dokumentasjon til Fylkesmannen.

Fylkesmannen vurderer dokumentasjon opp mot lovkrava.

Primo april 2014 – Fylkesmannen sender førebels tilsynsrapport til kommunen med førehandsvarsel om vedtak eller endeleg tilsynsrapport utan lovbrøt.

Medio april 2014 – Frist for kommunen til å kommentere innhaldet i førebels tilsynsrapport.

Ultimo april 2014 - Fylkesmannen sender endeleg tilsynsrapport til kommunen med frist for retting. Fylkesmannen tek atterhald om endringar i tidsplanen.

Vi gjer merksam på at tilsynsrapportar er offentlege, jf. offentleglova § 3. Endelege tilsynsrapportar vil verte publiserte på Fylkesmannen sine nettsider.

### **Utgreiing og dokumentasjon**

Lindås kommune skal sende inn den dokumentasjonen som går fram av vedlegget. Plikta til å senda inn denne informasjonen kjem av opplæringslova § 14-1 første ledd jf kommunelova §60c. Frist for innsending er 24.mars 2014. Dersom noko av dokumentasjonen vi ber om i vedlegget er tilgjengeleg på kommunen eller skulane sine heimesider, ber vi om at det blir vist til ei lenkje direkte til informasjonen slik at Fylkesmannen sjølv kan innhente denne dokumentasjonen.

Spørsmål om tilsynet kan rettast til tilsynsleiar Jannicke Haaland Haarr, [fmhojhh@fylkesmannen.no](mailto:fmhojhh@fylkesmannen.no) eller tlf. 55572272. Vi ber om at kommunen oppnemner ein kontaktperson for dette tilsynet og sender oss kontaktinformasjon for denne personen.

Tilsynet blir gjennomført av Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga, ved tilsynsleiar Jannicke Haaland Haarr og seniorrådgjevar Grethe Fjeld.

Fylkesmannen ser fram til eit godt samarbeid med Lindås kommune ved gjennomføring av tilsynet.

Vedlegg: Liste over dokumentasjon Fylkesmannen ber om å få innsendt.

Med helsing

Anne Hjermann  
utdanningsdirektør

Grethe Fjeld  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*